

Saksbehandlar: Trond Ueland
Avdeling: Fylkesrådmannen
Sak nr.: 12/2836-2

Ny plattform for Vestlandsrådet 2012

Fylkesrådmannen rår Fylkesutvalet til å gjere slik slikt vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til framlegget til ny plattform for Vestlandsrådet med følgjande presiseringar:

1. Breibandtilbod gjennom andre generasjons breiband (i hovudsak fiber) er eit av dei viktigaste infrastrukturiltaka på Vestlandet og må prioriterast endå høgare.
2. Rådet bør ta ei meir aktiv rolle i høve utforming og gjennomføring av norsk kulturpolitikk.

Vedlegg:

Vestlandsrådet – ny plattform 2010 – 2012 (gjeldande plattform)
Framlegg til ny plattform for Vestlandsrådet 2012 – 2015.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Samarbeidsavtalen mellom fylkeskommunane og Vestlandsrådet.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Vestlandsrådet skal revidere sin politiske plattform og har utarbeidd eit framlegg til nye satsingsområde. I samsvar med samarbeidsavtalen mellom fylkestinga og Vestlandsrådet, opprettheld ein ei særleg merksemd mot den politiske dimensjonen i plattformen. Den nye plattformen er meir konsentrert og konkret enn noverande. Det er færre satsingsområde, og for kvar satsing vert det presentert konkrete tiltak.

Slik fylkesrådmannen ser det må satsinga på breiband gjevast ein endå høgare prioritet. Det er og ønskjeleg at Vestlandsrådet tek ein meir aktiv rolle i høve utforminga og gjennomføringa av norsk kulturpolitikk

2. Bakgrunn

Vestlandsrådet skal revidere sin politiske plattform og har utarbeidd eit framlegg til nye satsingsområde. Desse er no sendt på høyring til fylkeskommunane.

Tidlegare handsaming

Gjeldande plattform for Vestlandsrådet byggjer på ein samarbeidsavtale mellom dei fire fylkeskommunane på Vestlandet og Vestlandsrådet. Denne avtalen vart saman med ei vedtektsendring handsama i fylkestinget 8. desember 2009, sak 68/09. Plattformen vart deretter drøfta i eit felles møte mellom dei fire fylkesutvala og Vestlandsrådet i møte 25.februar 2010 og endeleg vedteken i Vestlandsrådet 26.februar 2010.

Samarbeidsavtalen med Vestlandsrådet og gjeldande plattform

I samarbeidsavtalen går det fram at Vestlandsrådet skal:

- styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde
- fremme politiske saker av felles interesse
- aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
- ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene

Dagens plattform inneheld følgjande seks satsingsområde:

1. Internasjonalt arbeid
2. Samferdsle
3. Innovasjon og næringsutvikling
4. Kystressursforvaltning – marin og maritim verdiskaping
5. Energi, miljø og klima
6. Kultur.

Ein nærmare presentasjon av plattformen følgjer vedlagt.

Framlegg til ny plattform

I samsvar med samarbeidsavtalen mellom fylkestinga og Vestlandsrådet opprettheld ein i den nye plattformen ei særleg merksemd mot den politiske dimensjonen i plattformen og mindre mot prosjekt og tiltak. Det operative arbeidet har fylkeskommunane på sjølvstendig grunnlag ansvaret for.

I framlegg til ny plattform for Vestlandsrådet presenterer ein fire satsingsområde:

- Samferdsle
- Påverke rammevilkår for viktige næringar på Vestlandet
- Styrke Nordsjøsamarbeidet på Vestlandet
- Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom.

Generelt kan ein seie at den nye plattformen er meir konsentrert og konkret enn noverande.

Kystressursforvaltning, kultur, og energi, miljø og klima er ikkje lenger eigne satsingsområde. Satsinga på auka regionalpolitisk handlingsrom er likevel såpass ope at desse områda likevel kan vere med vidare all den tid den har eit regionalpolitisk siktemål.

Det er Vestlandsrådet sjølv - m.a. på grunnlag av innspel frå dei fire fylkeskommunane - som vedtek endeleg plattform. Dette vil bli gjort i møte i Vestlandsrådet 10.mai 2012.

3. Vurdering og konsekvensar

Då gjeldande plattform byggjer på samarbeidsavtalen mellom fylkeskommunane og Vestlandsrådet og tidlegare drøftingar mellom fylkesutvala og rådet, finn fylkesrådmannen det rett å handsame denne saka i fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen meiner framlegget til ny plattform føl opp tidlegare plattform ved å ha særleg vekt på den politiske dimensjonen ved samarbeidet i Vestlandsrådet. Dette er i tråd med samarbeidsavtalen. Samstundes er den nye plattform meir konkret og tydeleg enn den førre. Utfordringa for Vestlandsrådet er å meisle ut ein politikk som er tydeleg, lett å kommunisere og som skapar eit best mogeleg grunnlag for å gjere seg synleg og dermed kunne drive påverknadsarbeid. Slik sett kunne det vore ønskjeleg at den nye plattform hadde endå færre satsingar og var endå meir konkret. Fylkesrådmannen vil likevel ikkje rå til at satsingane som vert gjort framlegg om vert endra. Derimot kan det vere grunn til å gjere nokre presiseringar:

Det er ønskjeleg å prioritere satsinga på breiband endå sterkare. Breibandtilbod gjennom andre generasjons breiband (i hovudsak fiber) er eit av dei viktigaste infrastrukturiltaka på Vestlandet. Byane har i stor grad tilgang på dette, men utanfor byane er tilgangen til dels svært låg. Tenestetilbodet på nett vil auke, og behovet for høgare kapasitet er stort. Breiband vil derfor òg vere ein viktig attraktivitetsfaktor for busetnad og næringsutvikling og må reknast som eit viktig satsingsområde for heile Vestlandet. Det er avgjerande at ei finansiering av gode breiband- og mobiltjenester vert sikra gjennom offentlege tilskot der det ikkje er grunnlag for at marknaden aleine dekkjer dette.

Under satsingspunktet om auka regionalpolitisk handlingsrom på Vestlandet, må ein få tydlegare fram at Vestlandet må delta meir aktivt i drøftingar om utvikling og gjennomføring av norsk kultur politikk. Norsk regional og lokal kulturpolitikk synest i stor grad å kome i skuggen av den nasjonale kulturpolitikken. Filmpolitikk er eit av fleire døme på dette. Derfor er det viktig at Vestlandet samlar seg om felles kulturpolitiske utfordringar og står fram med ei klår stemme nasjonalt.

Fylkesrådmannen vil avslutningsvis vise til at det òg er trong for visse redaksjonelle endringar både av språkleg karakter og reint redaksjonelt (bruk av overskrifter). Dette vil bli formidla administrativt.

4. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen vil rå til at fylkesutvalet sluttar seg til framlegget til ny plattform for Vestlandsrådet med nokre presiseringar. Breibandtilbod gjennom andre generasjons breiband (i hovudsak fiber) er eit av dei viktigaste infrastrukturiltaka på Vestlandet og må prioriterast høgare i plattform. Plattformen må tydlegare presisere at Vestlandsrådet må delta meir aktivt i sentrale drøftingar om norsk kulturpolitikk.